

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer

FØRETAK: Helse Fonna HF

DATO: 12.12.17

FRÅ: Administrerende direktør

SAKSHANDSAMAR: Stina Steingilda

SAKA GJELD: ForBedring - Medarbeidarundersøking om arbeidsmiljø, pasienttryggleikskultur og HMS

STYRESAK: **88/17**

STYREMØTE: **19.12.17**

Administrerende direktør si orientering pkt.6

Oppsummering

Frå 2018 vil den nye, årlege undersøkinga ForBedring erstatte tidlegare HMS-kartlegging og målingar av pasientsikkerheitskultur. Gjennom ForBedring skal vi kartlegge og betre forhold ved arbeidsmiljø, pasienttryggleikskultur og HMS som kan ha samanheng med risiko for uønskte hendingar, eller verke negativt på kvalitet og medarbeidarane si helse og engasjement. Undersøkinga er utarbeidd nasjonalt og blir gjennomført ved alle landets helseføretak.

Om undersøkinga

Undersøkinga blir gjennomført i samarbeid med dei regionale helseføretaka, pasientsikkerheitsprogrammet og Helsedirektoratet. Kvart helseføretak eig sine data frå undersøkinga, og er ansvarlege for å følge opp resultatane. Det har vore brukarrepresentant med både nasjonalt og regionalt. I Helse Fonna blir Ungdomsrådet og Brukarutvalet førelagt sak om undersøkinga. Seksjonsleiar for bedriftshelsetenesta/HMS i Helse Fonna, Astrid Grimstvedt, leiar den tverrfaglege gruppa som skal legge til rette for lokal gjennomføring av undersøkinga. Gruppa har medlemer frå HR, pasienttryggleik, klinikkane, tillitsvalt og verneombod.

I ForBedring svarar medarbeidarane på korleis dei opplever at uønskte hendingar og forhold som kan gi pasientskader blir handterte og snakka om på arbeidsplassen. Resultata skal gi leiarane

informasjon til å arbeide systematisk med å betre lokalt arbeidsmiljø og tryggleikskultur og redusere risiko for uønskete hendingar. Verneomboda skal vere aktive medspelarar i prosessen.

Gjennomføring av undersøkinga

Undersøkinga blir sendt elektronisk til alle medarbeidarar og vil vere tilgjengelig i seks veker frå 1. februar 2018. Undersøkinga er konfidensiell og tar ca. 10 minutt. Helse Vest har mål om ein svarprosent på minst 70. Det er eit leiaransvar å motivere medarbeidarar til å svare på undersøkinga og å følgje opp svarprosenten undervegs.

Oppfølging av resultat

Den enkelte leiar har ansvar for å nytte resultata til betring i eiga eining, gjennom å utvikle og følgje opp skriftleg handlingsplan med målbare tiltak. Dette skal gjerast saman med verneombod og medarbeidarane.

Resultata skal òg nyttast av toppleiarane i helseføretaka lokalt, regionalt og nasjonalt. Undersøkinga skal følgjast over tid og gir eit unikt datagrunnlag som vil vere nyttig for leiinga i val av strategi for å forbetre pasienttryggleik og arbeidsmiljø.